



Gud signe årets grode i alle verdens land! Gud gi oss daglig føde fra jord og hav og strand, og hjelp oss du å dele med andre det vi har, vårt liv, vår jord, det hele er ditt, vår Gud og Far! (NS 841)

Nr. 2

65. årgang

Sommer 2024



Matteus 28:16-20

Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møta dei. Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila. Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen

og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Andakten til alle denne gongen er preika som ein av konfirmantane framførte på oppsummeringa av konfirmantåret, Kristi Himmelfartsdag i Heensåsen kyrkje.

Ingebjørg Vik Laugaland

Teksten Ingebjørg las heiter Misjonsbefalinga. Den er forteljinga om det som skjedde rett før Jesus for opp til himmelen og ei stund etter at han hadde dødd på korset og stått opp frå dei døde 1. påskedag. I dag er dagen kyrkja feirer denne hendinga.

Jesus seier til vennene sine at når han drar, skal dei skal døype og lære bort alt han har sagt til dei. Stakkar dei. Dei var ikkje førebudde på noko av dette, mest truleg kunne dei mindre enn oss konfirmantar, for truedkjeninga som me har pugga, eksisterte ikkje på denne tida, ingen hadde funne opp den ennå. Dei sto sto att der på fjelltoppen og såg opp i lufta og lurte på kva som hadde skjedd, kor blei Jesus av?

Då kom det eit par englar som lurte på kor lenge dei hadde tenkt å stå der ... og slik kom dei seg heim den dagen og begynte å tenke på kva dei faktisk hadde lært av Jesus på dei tre åra dei hadde kjent han.

Eg trur Ingebjørg er litt stressa for kva me konfirmantene har lært om Gud, Jesus og kyrkja. Det virkar som Jesus stolte meir på sine venner, enn det ho gjer på oss! Me må pugge, øve og framføre, det måtte ikkje dei. Dei fekk jobben med å døype og lære vekk det dei hadde lært sjølv. Så drog Jesus opp til himmelen. Ei stund etterpå, til pinse, fekk dei Den heilage ande som hjelper, og det hjalp. Då vart det lettare å lage kyrkjer.

Poenget er at venene til Jesus fekk det til!

Dei lærte vidare, det dei hadde lært. Dei fann måtar å døype på, dei delte mat og pengar med kvarandre og hjalp dei fattige. Dei ba til Gud og etterkvart skreiv dei ned alt dei hadde opplevd saman med Jesus. Dette var starten på både Bibelen og kyrkja slik me kjenner den i dag. Tenk det.

Dei kunne meir enn dei trudde og dei fekk den hjelpa dei trong. Slik er det for oss også.

Ære være Faderen, Sonen og Den heilage ande som var, er og vera skal, ein sann Gud frå æve til æve. Amen.

Framsidede: Årets konfirmantar.

Bak: Einar Oliver Skjefte, Joakim Grihamar, Øyvind Berge Egge, Knut Skeie, Nicolai Dalemark Wangensteen, Oskar Solemsli.
Midten: Joakim Finsveen, Max Grube Havro, Andrea Søndrol Nilsen, sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, Emma Isabell Kvale, Amalie Solemsli.
Framme: Meida Marusina, Elise Dalen Kvam, Nora Asheim Remmen, Mia Martinsen Dalåker, Ingrid Haugen-Sørengen.
Fotograf: Oddvin Almenning

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Kristin Bakke Lajord
kristin@bakkelajord.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Solbjørg Kvalshaugen
solbjorg_kvalshaugen@icloud.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkryset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Soknerådsleiar: Marianne Riste
marianneriste@hotmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG

ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Eirik Øye
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Aud Synnøve Kvale
aud.kvale@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:

Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret

Dagleg leiar: Silje Hammerstad,
Tlf. 902 42 171
e-post: sh466@kirken.no
Kontortid: 09.00-15.00

Organist i alle kyrkjer: Stilling vakant

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:

Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124

Felles e-post:

post.vangivaldres@kirken.no

Gravferdstider i kyrkjene i Vang:

1. mai – 30. september: tysdag – fredag kl. 11.00 eller kl. 13.00
1. oktober – 30. april: tysdag – torsdag kl. 11.00 eller kl. 13.00, fredag kl. 11.00

Neste menighetsblad utkommer uke 42, frist for innsending av tekst og bilder er 20. september. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Dugnad

Me ynskjer å takke alle som møtte opp på årets dugnad rundt omkring på kyrkjegardane før 17. mai. Det er flott å sjå såpass stort engasjement! Det er heller ikkje kvart år det blir såpass tidleg grønt her i Vang, så me kom og tidleg i gang med klypping på kyrkjegardane.

Ledige stillingar:

Me har fortsatt følgande ledige stillingar; 60 % organist og 20 % trusopp-lærer. Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom interesse. Oppdaterte stillings-annonsar ligg på nav.no og vangivaldres.no, samt på annan plass i bladet.

Avfallshandtering på kyrkjegardane

Det er no lagt til rette for å kunne kvitte seg med restavfall, gamle gravlykter og liknande på kyrkjegardane, i tillegg til plast og planteavfall som har vore tidlegare. Det er med andre ord ikkje lenger nokon «god unnskyldning» for å

dytte dette inn i kyrkjegardsmurar og liknande. (Dette er heldigvis ikkje normen, men det skjer i all høgste grad og på dei mest finurlege vis ...) Hugs og å sortér ut plastavfall og hiv dette på anvist plass, kontra å hive plast i organisk avfall, då dei tilsette har mengder med andre oppgåver å bruke tida si på enn å sortere ut dette. Me set pris på om de alle følger denne oppfordringa.

Sommarhjelp

I løpet av den siste tida har me endeleg fått på plass litt fleire namn vedrørande sommarhjelp på kyrkjegardane, men det vil fortsatt ta litt tid å få desse inn i rollene sine. Husk derfor at det er kun éin person som skal nå over alle områda mellom regnskurene, og at det blir nytta kjørbar bioklyppar inntil sommarhjelp er på plass og ordentleg i gang. Det vil med andre ord ikkje nødvendigvis sjå perfekt ut til ei kvar tid heile sesongen, men det er dette me får til med



dei ressursane me har. Er det spørsmål eller kommentarar rundt dette; ver venleg å ta kontakt med kyrkjevevja.

Gravplassar

Me ynskjer fortsatt å oppfordre dei som ikkje har moglegheit til å stelle gravplassane sine sjølve, og som heller ikkje ynskjer å nytte seg av plantetilboda; til å ta vekk bedet og så gras inntil steinen. Dette ser ryddigare og hyggelegare ut enn ei ustelt grav, og er noko me kan være behjelpelege med dersom de ikkje har høve sjølve.

Med ynskje om ein herleg sommar
– frå Silje



Sven Ingar Moen

Årets 17. mai-tale

Kjære vangsgjeldingar, og alle som er her i dag – gratulerer med dagen!

17. mai, Noregs gebursdagsdagsfest. I 1814, for 210 år sidan fekk me vår grunnlov. Me feirar grunnlova vår, demokratiet, fred og fridom. Fred og demokrati er verdiar som sameinar oss i dag, uansett bakgrunn, etnisitet eller religion.

Og me deler eit av verdas eldste og sterkaste demokrati – NOREG. Diktatura feirar sine nasjonar med militærparadar. Me feirar med barnetog. Dei fyrste barnetoga kom i 1870-åra, etter initiativ frå Bjørnstjerne Bjørnson.

Barnetog, demokrati og sjølvstende er bunde saman. Det viktigaste me kan gjera i dag, er å stå fast på verdiane våre, verne om fridomen vår og demokratiet. For å sikre denne viktige arven må me sikre legitimitet og deltaking. For å få dette til må me overføre desse verdiane til barna og dei unge. Barna er vår framtid, dei skal forvalte vårt folkestyre, vårt demokrati – dei skal sikre vår demokratiske arv.

Feiringa me har i dag, har vakse fram litt etterkvart, til det me har i dag. Forfattaren Henrik Wergeland (1808-1845) var ein av dei fyrste som ville gjera 17. mai til ein festdag. Han heldt den fyrste 17. mai-talen i 1833. Han skreiv òg den fyrste nasjonalsongen for barn: «Vi ere en nasjon vi med».


Utan brei tilslutnad av folket svekkast demokratiet. For å trygge deltaking i demokratiet må me ha rammer for ein trygg og anstendig debatt. Retten til ytringsfridom er nedfelt i grunnlova vår. Ytringsfridom må vernast om, og den må nyttast på ein måte og i ei form som gjer at ein oppfordrar alle til å ytre seg. Dette gjeld over alt, i politikken, på sosiale media, i kvardagen – i møte mellom menneske og ikkje minst der barn og unge er.

Dei unge skal bryne seg på kvarandre, forme sitt syn på verda og seg sjølv. Dei skal finne si stemme og sin posisjon. Barn og unge må erfare at det er trygt å seie si mening. At dei får denne tryggleiken og deltek i debatten er grunnlaget for vidareføringa av vårt demokrati.

Presset mot dei unge er stort, og me veit at mange unge er redde for å stikke seg fram. Redde for å seia det dei meiner. Hets på sosiale media kan føre til utestenging og utanforskap. Aukande utanforskap hjå barn og unge er ille for kvar einskild som opplever det, men utanforskap er for oss som samfunn kanskje den viktigaste samfunnsutfordringa vår.

Utanforskap kan ha mange grunnar, og me må gjera alt me kan for å få alle med i samfunnet vårt i fellesskapet. Og på ein dag som denne, 17. mai, er det viktig å sjå samanhangen mellom utanforskap og legitimitet til demokratiet vårt.

Ytringsfridomen er grunnlovsfesta, men det er ikkje nok. Ytringsfridomen er ikkje reell før enn den praktiserast av oss



alle. Me må gje rom for å elske fram trygge arenaer for ytring – for alle – på ein respektfull måte. Me må bruke ord og vendingar som syner respekt også for dei som er ueinige med oss. Me må i lag slå ned på hatefulle ytringar og språk som gjer andre utrygge. Me må vera gode førebilete for dagens unge. Den amerikanske forfattaren og journalisten Hodding Carter sa: eit venleg smil er eit språk alle folk forstår.

Å skilja sak og person og å gje kvarandre tryggleik er grunnlaget for at fleire deltek i samfunnet. Å gje alle ei kjensle av å høyre til, altså det motsette av utanforskap, det styrkar demokratiet vårt. Eit varmt smil kan gje ei kjensle av å høyre til.

Den same Hodding Carter sa òg at demokratiet fungerer best når folk er godt skolerte. Folket styrer best når dei kan ta godt funderte avgjerder og er opplærde til kritisk tenking, fri debatt og openheit eller transparens i alle avgjerder. Makta i demokratiet ligg hjå folket. Me må saman skape rammer for at folket deltek i debatten og i folkestyret.

Me ser krigen nær oss i Europa, me ser umenneskelege lidingar i Gaza, og me ser eit USA som slit med utanforskap og antidemokratiske strøymingar. Krig er kuler, bomber, granatar og kampfly, men krig er òg propaganda. Krigsretorikk og massesuggesjon påverkar oss. Opp mot desse udemokratiske kreftene må me reise oss, me må bygge det sterkaste forsvaret noko land kan ha – folket. Eit folk som held fram med å stå saman, inkludere kvarandre, er tolerante for andre sine meiningar, og som står imot manipulering og urettvisheit. Eit sterkt folk er dei som står saman, og gjev rom til dei som vil stå i lag med seg.

I Vang har me eit godt grunnlag for å stå i lag, verne om ytringsfridomen, inkludere folk i vårt fellesskap og kjempe for demokratiet.

La oss rope 3 x 3 HURRA for nasjonaldagen vår.

HURRA! HURRA! HURRA!

Jørund Ødegård Lunde, ordfører

Mange takk for vel gjennomført arbeid!

Her er noko av det som har skjedd rundt omkring på kyrkjene og kyrkjegardane fram mot sumaren;

Øye stavkyrkje

Vedlikehaldet av Øye stavkyrkje fortsett, ved hjelp av driftige Herbert Mollenhauer. Han konstaterer at skraping av gamle tjærebreidde tak er like støvete som tjærebreiinga er klissete!

Øye kyrkje

Nils Torstein og Vemund Hermundstad ved NTH AS hjalp til med å fjerne større trær, inkludert fleire med råte, som hadde etablert seg tett innpå Øye kyrkje. I tillegg til mindre risiko for velta trær innpå kyrkja ved uvær, fekk me ei betre opplyst og synleg kyrkje.

Bårehuset i Høre

Toalettet er på tur til å få seg eit reallt «ansiktslyft» ved hjelp av kyrkjegardsarbeidaren vår. Bæringa til eine veggjen i bårehuset er forsterka av Slidre bygg, og Elektromontasje har utbetra lys-funksjonen til bygget.

Kyrkjegardsmurane

Dyktige fagfolk frå Vang bygg v/John Myhre, har tatt hand om to av kyrkjegardsmurane våre no før sumaren. Muren som skil gamle og nye kyrkjegarden i Vang, ramla ned i fjor haust. I tillegg har me prioritert å få utbetra kyrkjegardsmuren oppe på Heensåsen, for å unngå kollaps ned mot kyrkjegarden og i verste fall oppå dei besøkande. Dei som har utført den flotte murekunsten er Pawel Wasilewski, Jan Goral og Piotr Krzysztof Jezierski.

Kyrkja har mange behov undervegs som lyt dekkast innan vedlikehald og pågåande prosjekt, gjerne og på kort varsel. Kyrkja i Vang set stor pris på god service frå lokale, dyktige og punktlege handverkarar!



Følgande lokale bedrifter skal ha ein stor takk for hjelpa, for vel utførte oppdrag og anskaffelsar sidan nyttår: Vang bygg, Herbert Mollenhauer. Elektromontasje, Romslo mekaniske, Vang maskin, NTH, Vang kommune/Teknisk/Ute-etaten, Bjørn Hammerstad transport, Montér Kvismo, Bygger'n

Øye, Elektrisk installasjon, Vang rør.

Og ikkje minst lojale brøytarar som stiller på kort varsel; Bjørn Erik Wangensteen, Andris Veflen og Eirik Øye.

I tillegg til desse, frå andre deler av Valdres: Slidre bygg og prosjektering, Kjøl & fryseteknikk, Valdres installasjon, El-tjenester, Valdres naturstein, Valdres brannservice

Tekst/foto: Silje Hammerstad
Foto: Herbert Mollenhauer,
Nils Bjarne Wangensteen



Min sommersalme

Vi er heldige som har fire årstider! Alle har sin sjarm, men sommeren er kanskje den årstiden som gir oss mest liv og mest næring til kropp og sjel. Den vakre salmen Den blomstertid nå kommer, nr. 841 i Norsk salmebok, inneholder hele spekteret i den norske sommeren. Salmen er opprinnelig svensk og temmelig gammel: skrevet av professor og riksdagsmann Israel Kolmodin i 1694 til en svensk folketone fra 1500-tallet. Teksten ble oversatt til norsk av dikterpresten og folkeminnesamle-

ren Magnus Brostrup Landstad i 1861, og salmen har hatt plass i Norsk salmebok fra 1985. Både der og i den nye Norsk salmebok fra 2013 står den i en noe forkortet og omarbeidet versjon.

I tillegg til den vakre skildringen av vår og sommer, minner salmen oss på at sommeren også er vekstsesong for mye av maten vi er avhengige av, at alle jordens land trenger gode vilkår, og at vi alle må dele med andre. Slik er det også en salme som minner oss både om solidaritet og viktigheten av biologisk mangfold.

Sidsel O. Jevne



1. Den blomstertid nå kommer med lyst og glede stor, den kjære, lyse sommer da gress og grøde gror. Nå rører solens armer ved alt som før var dødt, de blide stråler varmer og alt på ny blir født.

2. De fagre blomsterenger og åkrer rad på rad, de grønne urtesenger og trær som skyter blad, hver blomst, hver spire minner oss om å ta imot det lys som alltid skinner fra Gud, vår Skaper god.

3. Vi hører fugler sjunge med herlig jubellyd! Skal ikke da vår tunge lovsynge Gud med fryd? Min sjel, opphøy Guds ære med lov og gledesang! Han vil oss nådig være som før så mang en gang.

4. Gud signe årets grøde i alle verdens land! Gud gi oss daglig føde fra jord og hav og strand, og hjelp oss du å dele med andre det vi har, vårt liv, vår jord, det hele er ditt, vår Gud og Far!

5. Du kjære Herre Kriste, du sol med klarest skinn, la hjerte-isen briste og smelte i vårt sinn! La dine budord følges, og mett oss med ditt ord, la nådens lys ei dølgjes for oss på denne jord!

Bingo i Høre

Det er flere som har spurt om nye bingokveldar, det er hyggeleg. Det blir bingo fredagane 18. oktober og 22. november.

Marianne Riste,
Høre sokneråd

Vårball i Høre Barnehage

I starten av mars begynte me i Høre Barnehage å lengte litt etter våren; sjølv om me allereie hadde fått ein forsmak på godvêret så vart det både kaldt og snøvêr att – og påska var jo heller ikkje overstått.

Men med dette fekk me ein idé om å arrangere «vårball» på småbarnsavdelinga, Tommeliten. Det vart litt av ein førebuingssjabb då me tok den heilt ut med å designe og produsere eigne invitasjonar der me presiserte tid, stad og kleskode – og dette vart putta i konvoluttar med påskrivne namn og lagt i hylla. Me designa også eigne menykort, som låg på tallerken då dei sette seg til bords. Det vart også laga ein plakatar som sto utanfor inngangen når dei kom den morgonen, og raud løpar såklart!

Me starta dagen som vanleg med frukost og leik på avdelinga. Når alle var på plass var det ikkje vanskeleg å sjå at dei var stolte over dei fine kleda sine, og klare for fest! Det var høg party-faktor med ballkjolar, glitter, vesker, sløyfer, skjorter og lakksko!

Personalet som var på avdelinga denne dagen, tok med seg barna i gymsalen (dancesalen) på litt dans før resten av programmet sette i gang – medan kokkane gjorde seg klare på kjøkkenet. Me måtte dekke bordet og pynte, ordne fotovegg, forberede dessert, lage forret og hovedrett.

Etter dans i gymsalen var det tid for eit lite bleieskift (som vanlig ...) og deretter samla vi oss i salen der alle skulle få sin «årets utmerkelse». Ein etter ein tredde dei fram og fekk bandet rundt halsen og en kort applaus. Det var årets «gladlaks», årets «klemmer», årets «livsnyter» og årets «klara sjølv», blant anna.

Deretter fekk dei velgje seg ein rekvisitt dei kunne ta med seg til fotoshooten, då me hadde ordna til ein fotovegg med glitter, ballongar og raud løpar – og det heile foreviga med eit polaroidkamera. Etter dette var det tid for å sette seg til bords. Den klassiske jazz-musikken var komen på høgtalarane, og alle sette seg ned på anviste plassar, då bordkort i same stil som invitasjonane og menykorta sto klare ved kvar tallerken. Ser-

vitørane presenterte deretter menyen.

Fyrste rett blei servert: Rekebruschetta. Deilig brioche-brød som var steikt litt i panna, toppa med litt aioli, reker, sitronskive og dill. Hovedrett blei servert: Indrefilet av svin, med saltstekte poteter, rotgrønnsakspuré, sjysaus og tyttebær. Desserten blei servert: Heimelaga semulepudding med raud saus og ferske bringebær. Til alle rettane blei det servert «champagne» og «raudvin».

Mette og gode var det tid for en liten kvil i «soveavdelinga», og vårballen vart avslutta.

Anette Tvenge, pedagogisk leder
Tommeliten, Høre Barnehage



Aktiviteter ved dagsentrene sensvinter og vår

Vinteren har ifølge flere av dagsenterbrukerne vært lang. Å ha en arena hvor man kan møtes virker da enda viktigere. Månedene før påske bød på aktiviteter innendørs, og vi startet året med en kinodag hvor vi viste filmen «Stompa forelsker seg». Mange møtte opp og latteren satt løst. I samme periode ble det avholdt konsert på Fjordstøga, baby sang og andakter.

Så kom påska. Og vi var et skritt nærmere våren. I påskeuka hadde vi ny kinodag, og denne gang stod komedien «Den Spanske Flue» på plakaten. Også denne gang satt latteren løst! Enkelte av dagsenterbrukerne lo så tårene trillet og det var en fantastisk opplevelse. Vi hadde også påskelunsj på Solgløtt med deilig mat.

Gjennom våren har dagsentrene hatt stor oppslutning med mange brukere som vil delta i fellesskapet. Aktivitetene har også i vår vært mange: gåturer i nærområdet, fellestrim innendørs, andakter, konserter, klessalg, håndarbeid, hobbyaktiviteter, sang, besøk av barnehagen og blomsterplanting (vi sår frø selv).

Vi planlegger også for sommerlunsj ut på forsommeren og en felles busstur til Beitostølen i løpet av juni – da vil vi ta vegen over Slettefjell. Dagsentrene vil holde på med mest mulig uteaktiviteter når sola kommer fram og nyte det!

Vi ønsker alle en riktig god sommer! En liten bildeserie viser hva brukerne har opplevd til nå.

Lene Johansen, fagleder
dagsentrene i Vang kommune



Arrangerte viktig tilbod for demens-pårørande

Vang og Vestre Slidre kommune har denne våren samarbeida om å arrangere pårørandeskule. No håpar dei at tilbodet kan bli fast.

- Når nokon får demenssjukdom, rammar det alltid fleire enn kun den som får sjukdommen, spesielt nær familie. Difor er det utruleg viktig at også dei pårørande har ein møteplass der ein kan få prate med andre i samme situasjon, seier Birgit Remmen, demenskoordinator og avdelingssjukepleiar Nordigarden på Vangsheimen.

Denne våren har nemleg Vang og Vestre Slidre hatt eit interkommunalt samarbeid om å arrangere pårørandeskule for pårørande til personar med demens. Sjølv om dette er eit vanleg tilbod i heile Noreg, er dette fyrste gong det arrangeres i Vang og Vestre Slidre.

- Me er veldig fornøgd med å ha fått til eit opplegg, og at me har kunne samarbeida med Vestre Slidre. Det har vore veldig godt oppmøte, og me har fått gode tilbakemeldingar, smiler Lene Johansen, fagleiar, Vangsheimen dagsenter og Solgløtt dagsenter/ Dementsteamet Vang kommune.

Innhaldsrrike kurskveldar

I løpet av kurskveldane denne våren har det vore fleire forelesarar innom, for å informere om ulike tilbod og praktisk informasjon som pårørande kan trenge. Blant anna har det vore ansatte frå banken og fortalt om bankrelaterte tenester, ein advokat som har fortalt om framtidssfullmakt, spesiallege frå Sykehuset Innlandet og ein pårørande om kvar dagen saman med ein som har demens.

- Me har hatt mange dyktige forelesarar gjennom denne kursperioda. Det har vore fint og viktig å få inn slik type informasjon for dei pårørande. Forhåpentligvis er det veldig nyttig for dei, seier Tone Granlien, demenskoordinator i Vestre Slidre.

Arrangørane trekk og fram ein positiv side ved å vera to kommunar som arrangerer saman: at gruppa blir litt større og at det er lettare å åpne seg opp og dele om situasjonen ein står i.

- I tillegg er det lettare å vera litt anonym, om du ikkje ønskjer å seie eller



Tone Granlien, demenskoordinator i Vestre Slidre, Birgit Remmen, demenskoordinator i Vang, Lene Johansen, fagleiar i Vang.

dele så mykje, seier Remmen.

- Me håpar jo at dei har vorte godt kjent i løpet av denne perioda, og kanskje nokon av dei held kontakten framover. Det å ha nokon å prate med som er i samme vanskelege situasjon som ein sjølv, er utruleg viktig, legg ho til.

-Å snakke om demens er viktig

(I denne artikkelen har vi snakka med fleire av dei pårørande som var med på kurset. Alle ønskjer å vera anonyme, men vil gjerne bidra med sitat om opplevelsen av pårørandeskulen.)

- Pårørandeskulen har vore veldig nyttig og fint å få delta på. Det er fint å møte folk i samme situasjon, der ein utvekslar tankar, følelser og snakkar åpent med kvarandre.

Fleire ytrar at demens fortsatt er ein skambelagt sjukdom, og at det ikkje er noko ein snakkar verken høgt eller nok om. Alle er enige i at det er kjempeviktig å snakke meir om, og at demens tross alt er ein sjukdom som rammer veldig mange. Både den som får det, og alle som er rundt.

- Demens er på mange måtar ein veldig usynleg sjukdom, det er ikkje alltid ein ser kor sjuk vedkommande er. Akkurat det kan vera litt vanskeleg, at det er kun dei som står nærmast som faktisk veit

korleis det er.

- Pårørandeskule har vore så fint og nyttig for meg. Eg håpar verkeleg at dette blir eit fast tilbod for dei pårørande i framtida, det er viktig å ha møteplassar der ein kan få vere pårørande med alle tankar og følelsar det innebærer.

Dementsteamet i Vang kommune består av:

Birgit Remmen: Demenskoordinator/ Avdelingssjukepleiar Nordigarden
birgit.remmen@vang.kommune.no

Rita Helen Berge Dalemark: Avdelingssjukepleiar Midtgarden
rita-helen.berge@vang.kommune.no

Lene Johansen: Fagleiar Dagsenter/ Hjelpepleiar med vidareutdanning i demens Nordigarden
lene.johansen@vang.kommune.no

Hanne-Kjersti Berge: Ergoterapeut, mobil 990 98 817
hanne-kjersti.berge@vang.kommune.no

Fastlegane i Vang Kommune
Tlf: 61 36 95 00

Innovangsjon
Ida Nordland Hillestad

Vang kommune skal bli eit demensvenleg samfunn!

10. april signerte ordføraren avtala med Nasjonalforeningen for folkehelse om å bli eit demensvenleg samfunn, etter at kommunestyret fatta vedtak i mars. Med på markeringa var, i tillegg til ordførar og Nasjonalforeningen, representantar for eldrerådet, Vang Utvikling, helse- og omsorgsetaten og frivillig-sentralen.

Me blir fleire eldre, og med auka alder blir me også fleire som blir råka av demenssjukdom. Me ynskjer at Vangsamfunnet skal vera ope og inkluderande for alle. Kommunen kan leggje til rette for dette i mykje av vårt arbeid, men me kan ikkje gjere dette åleine: her må næringsliv, frivillige og kommunen gjere ein jobb ilag.

Ei avtale om demensvenleg samfunn forpliktar kommunen til å legge til rette for at personar med demens opplever meistring og inkludering. Kommunane må jobbe for auka kompetanse om demens, slik at det kan leggest til rette for at dei skal kunne meistre og delta i eigen kvardag lengst mogleg.

Ved å signere avtala forpliktar kommunen seg til å:

- opprette og drifte ei arbeidsgruppe



som skal vera samansett av mellom anna næringslivet, brukar-/pårørande-representant, frivilligheita og fagpersonar frå kommunen

- arbeidsgruppa skal rekruttere servicenæringar og andre aktuelle til å delta på kurs, og halde kurs.

Auka kunnskap om demens vil medføre at bedrifter, arrangørar og lokalsamfunnet betre kan legge til rette for eigenmeistring hjå personar med demens. Det som er avgjerande for denne gruppa, er ofte bra for alle!

I september startar vi opp arbeidsgruppa, og vi ønskjer å få med oss ein pårørende eller nokon som har erfaring med demens som privatperson i arbeidsgruppa.

Er dette noko for deg?

Ta kontakt med rådgivar helse og omsorg: joanke.tito@vang.kommune.no
Mobil: 95 40 42 79

Vang kommune

Foto: Torbjørn Moen, Avisa Valdres

Den skeive truvedkjeninga

Eg trur på ein kjærleg og inkluderande Gud, som hyllar mangfaldet i menneska.

Den allmechtige Skapar av himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Gud og Josefs eigen Son, vår Herre og frelsar, som blei donert av Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under menneskas fordomar, krossfest, døydde og blei gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, og sit no ved sida av

vår kjærlege Gud og Skapar, hen skal koma att derifrå og hjelpe oss til opprette freden i oss sjølve og i verda.

Eg trur på Den heilage ande, som ber med seg styrke og trøyst, og som leiar oss til sanninga og kjærleiken.

Eg trur på eit fellesskap, der mangfaldet i menneska blir hylla og akseptert, ei kyrkje der alle er verdfulle og inkluderte, der kjærleiken sigrar over fordomar og diskriminering.

Eg trur på tilgjeving for syndene, og at vi kan reise oss og bli heile i kjærleikens namn.

Eg trur på at regnbogen er vegvisar for at vi alle kan oppstå til evig liv i kjærleikens rike.

Amen

Omskrive av Ragnhild Lund

Blir sterke og stødige instruktører

Denne sporty gjengen går no kurs for å bli Sterk og stødig-instruktører!

- I dag har vi gått igjennom mykje teori, hatt nokre øvingar og begynt å sette opp eigne program. Det er en dyktig gjeng, smiler kursholder Caroline Marlen Solie Bryntesen.

Ho og fysioterapeut Karina Nyborg held kurs for dei nye instruktørane og sørger for at dei er rusta til å halde timen på eigen hand til hausten.

- Det er først denne teoridelen med å lære alle øvelser og få kunnskap om konseptet, og så er det en praktisk del dei må bestå, før vi slepp dei ut på eigen hand, ler Nyborg.

Viktig å halde hjula i gang

Sterk og stødig er treningsgrupper tilpassa for seniorer som opplever ustøheit med begynnande funksjonssvikt og som har behov for balanse- og styrketrening, og er eit samarbeid mellom fysioterapi, Frisklivssentralen og Frivilligsentralen. Stor kudos til alle instruktørane som meldte seg og har lyst til å bidra med trening for eldre!

- Når ein byrjar å bli vaksen er det viktig å halde hjula i gang og passe på kroppen sin. Og så er det kjekt å møte mykje positive folk. Difor har eg meldt



Kari Bø Wangensteen, Dirk, Caroline Marlen Solie Bryntesen, Karina Nyborg, Gunnveig Holien, Anne Kari Søndrol, Inger Kongslie Tveit, Bjørg Olimb.

meg som instruktør, smiler Gunnveig Holien.

Målet på sikt er å få til ei treningsgruppe i kvar grend, slik at alle har tilbodet nær seg, men inntil vidare er det kun etablert ei Sterk og stødig-gruppe på Vangsheimen.

- Fordelen med at vi som er instruktørar også er godt voksne, er at vi ofte sjølv kjenner kvar skoen trykkar, og det er lettera å settje seg inn i korleis kroppen opplevast når ein blir eldre, fortel Bjørg Olimb.

- I tillegg blir det jo ein veldig fin møteplass for mange, og det er jo og eit viktig aspekt ved desse timane, legg Kari Bø Wangensteen til. Balanse og fallforebyggande trening er viktig for alle

over 65 år, og eit ønske er at fleire menn skal delta på treningane i framtida.

- Kanskje set vi opp ei damegruppe og ei herregruppe, berre for å ufarleggjere det litt og trekke til oss fleire, seier Solie Bryntesen. Instruktørane er klare til å ta fatt på trening med Sterk og stødig-gruppene frå hausten av, og prøver å få til ei gruppe både i Øye og på Åsvang frå hausten!

Er du over 65 år og vil vera med? Då er dette supert for deg. Følg med framover, det kjem meir informasjon!

For spørsmål ta kontakt med

Frisklivssentralen i Vang kommune, tlf: 91 12 75 49

Innovangsjon
ved Ida Nordland Hillestad



Nytilsette Vang kommune frå mai 2024

Ayne Kifle Aalen
Sommarvikar ved Vang folkebibliotek

Randi Rømyhr Haugen
Sentralbordmedarbeidar
Kommunehuset

Gintare Gestautiene
Høre barnehage

Kateryna Mykhailova
Fredheim barnehage

Tengla Julie Jevne Vollheim
Lærling barnehage

Ketter Veri
Lærling barnehage

Rebecka Mo
Reinhaldar

Elina Nesse
Utviklingssjukepleiar

Wenke-Nina Brufnot – Sjukepleiar
Tilrettelagte tenester

Torbjørn Qualben – Fysioterapeut

Barbro Strand – Psykiatrisk
sjukepleiar ved Helseavdelinga

Stiryddarar sommar 2024

Andrine Kassel
Marte Garvik
Audun Garvik
Even Sandsengen Neshagen
Kristofer Veri
Sunniva Bakkene Myhre
Åsmund Frøyen

Superressursar i barnehage

Thias Tørstad
Peter Johan Haaverstad
Erlend Søndrol Nickelsen
Ariana Viken



Barnas



Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Vitsar

Eit eple spurde ein appelsin:
 – Kvifor er det så mørkt her?
 – Fordi pæra har gått.

Har du høyrte om høna som hadde fått feber?
 Ho la berre kokte egg.

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Finn 10 språk

I rutenettet gøymmer det seg namnet på 10 forskjellige språk. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

P	C	F	F	H	W	N	E	K	V
L	I	R	I	E	W	I	S	Z	A
N	G	N	T	B	K	S	P	L	C
F	G	O	A	R	A	L	A	E	F
R	K	R	L	A	G	A	N	N	F
A	F	S	I	I	R	N	S	G	F
N	F	K	E	S	E	D	K	E	J
S	I	X	N	K	S	S	S	L	P
K	O	I	S	F	K	K	B	S	D
T	Y	S	K	D	A	N	S	K	B

Finn fem feil

Her snakkar Jesus med ein liten familie. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Chiara Bertelli



Årsmelding for Vang menighetsblad 2023

Redaksjonen i Menighetsbladet har bestått av sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, Ivar Hemsing og Sidsel Offergaard Jevne (redaktør). Dagleg leiar ved kyrkjekontoret Silje Hammerstad har erstatta Guro Hovda, som gjekk av med pensjon frå den same jobben hausten 2023.

Redaksjonen har hatt fire møte og handsama 16 saker. Hovudarbeidet har vore planlegging av dei fire utgåvene og tankar om utvikling framover. Redaksjonen har vore opp- teken av at menighetsbladet framleis skal bli oppfatta som relevant for lesarane. Bladet sitt viktigaste fokus skal sjølvstøtt vere det kyrkjelege stoffet, slik at aktiviteten i kyrkjene og i sokna skal få brei omtale. Likeså kan det vere naturleg å om- tale viktige saker i tida som Kyrkja er oppteken av, mellom anna internasjonalt perspektiv og Kyrkja sitt miljøengasjement. Men redaksjonen ynskjer også at bladet skal vere eit magasin for Vangssamfunnet, der både historisk og tidsak- tuelt stoff kan få plass. Det er difor framleis svært ynskjeleg å få inn stoff frå lesarane.

Arbeid med økonomien har også vore viktig. Rekneskapan for 2023 syner isolert sett eit driftsunderskott på kr 5.567,12, men når ein reknar inn ein utgift på kr 6500 som var feilført i 2022, er menighetsbladet sin behaldning redusert med kr 12067,12 det siste rekneskapsåret. Utgifter til trykking og layout har auka, men inntektene frå abonnement er også høgare enn i 2022. Redaksjonen er takksam for alle som be- talar abonnementet, og særskilt for alle dei som betalar meir enn minstebeløpet – nokre har til og med gitt ei større gåve samstundes: stor takk til dykk! Det har ikkje vore søknader frå sokneråda eller andre om tilskott i 2023. Redaksjonen

Regnskap for Vang menighetsblad 2023

	Sum utgifter	Sum inntekter
Korreksjon av feilføring fra 2022	6500,00	
Feilføring	40,67	
Trykking og layout	79975,55	
Anna forbruksmateriell	1072,00	
Porto og utkjøring	7158,90	
Mva som gir rett til kompensasjon	14589,55	
Mva-kompensasjon		14589,55
Abonnement		62550,00
Sponsing av utsending		8100,00
Innstikk i bladet		3000,00
Annonser		8600,00
Gaver og offergaver		430,00
Sum	109336,67	97269,55
		-97269,55
Underskudd	12067,12	

Innestående ved nyttår: kr 152.387,61

følgjer den økonomiske situasjonen nøye, og på litt lengre sikt kan det bli naudsynt å redusere utgiftene.

Redaksjonen vil takke Sigrid Nystuen, Oddvin Almenning og Sven Ingar Moen for fine forsidebilete. Takk også til alle andre som har ytt bidrag til bladet, og til alle som har hjulpet til med distribusjon – særskilt til Arne Straum som har distribuert menighetsbladet i Heensåsen sokn i årevis og har signalisert at han vil halde fram med det. Takk til ingridesign for godt samarbeid og profesjonell layout, og til trykkeriet Printfarm for fint teknisk produkt.

Redaksjonen



DEN NORSKE KYRKJA

Vang kyrkjelege fellesråd

Er du vår nye trusopplærer?

Me har ledig ei 20 % stilling som trusopplærer. Freistar det deg å overta og vidareutvikle ein god tradisjon med trusopplæring i fjellkommunen Vang? Me kan tilby kompetanse på fagfeltet, fleksibilitet i arbeidet og godt arbeidsmiljø. Trusopplæraren går inn i eit nært samarbeid med sokneprest og stab.

Aktuelle arbeidsoppgåver

- Planlegging og gjennomføring av trusopplæringstiltak i tråd med trusopplæringsplanen vår
- Samarbeid med sokneråd, stab og frivillige
- Publisering og markedsføring
- Ved ledig kapasitet avhjelpe med aktuelle oppgåver i arbeidsfellesskapet

Ynskja kvalifikasjonar:

- Utdanning og/eller erfaring innanfor pedagogikk og kristendom
 - Erfaring frå arbeid med barn og ungdom
- Me legg vekt på evne og vilje til å samarbeide, til å ta initiativ og til å arbeide sjølvstendig.

Særskilte krav:

- Du må beherske norsk munnleg og skriftleg, samt ha grunnleggande kunnskap om dataverktøy
- Du må være medlem av Den norske kyrkje og utføre tenesta i samsvar med Den norske kyrkjes ordningar, grunnverdiar og visjonar
- Du må ha førarkort klasse B og disponere eigen bil
- I stillinga inngår kvelds- og helgearbeid

- Den som tilsetjast vil bli bedt om å legge fram godkjent politiattest, jamfør Trossamfunnsloven §20, og politiregisterloven §39, første ledd

Personleg eignaheit blir vektlagt.

Spørsmål om stillinga kan rettast til: Kyrkjevevje Silje Hammerstad, mobil 902 42 171 epost: sh466@kirken.no

Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, mobil 926 53 320 epost: il597@kyrkja.no

Søknad med CV, vitnemål, attestar og referansar sendast til epost: sh466@kirken.no, snarast!

Sommarkelsing

- frå biblioteket
og frivilligsentralen



Møteplassen



Møteplassen har no blitt eit godt etablert konsept med middag, aktivitetar og informasjon/dialog om aktuelle emner. 11. april var vi samla til ei triveleg stund på Mjøsvang, med ei lita trimøkt med frisklivsrettleiar Caroline, informasjon frå leiar i eldrerådet Berit Nefstad om framtidfullmakt, kviss med frivilligkoordinator Inger, og ikkje minst god middag med ein smakfull dessert.

Klesbyttedagen



Jammen er det moro med klesbyttedag! 70 besøkande var innom den 27. april, 224 plagg fekk ny eigar, NålØye serverte nydeleg suppe og Vang Husflidslag stod for fixe-inspirasjon. Tusen takk til Kine Kvannefoss som er super byttegeneral!

Politikarpraten



13. mai var heile 15 stk samla rundt bordet for ei uformell samtale om politikk. Nokon hadde innspel til kommande kommunestyremøte, nokon ville få tilbakemelding på ein ide, og nokon

fremja saker dei ønskte at politikarane skulle ta tak i. Dette er eit flott tilbod frå gruppeleiarane som ønskjer å kome i dialog med innbyggjarane FØR saker blir vedtatt.

Nærturar



Det var varmegrader og mjuk nysnø då 8 ivrige turgåarar spente på seg trugene onsdagskvelden før påske, for å gå den korte turen frå Stele til Hagfjellknuppen. Godt guida av Helge Lajord og Andris Wangensteen vart vi kjende i nærområdet rundt Stelegardane og utsynet over Mjøsvang og Grindaheim. Bålkos, god prat og flott utsikt!

Og 23. mai vart det full folkevandring då 58 personar frå heile Valdres møtte opp til historisk vandring på Lerhol!

Jon Lerhol fortalte ivrig om både gamle kulturminner og gamle landbruksreiskap. Morø å sjå kva som fengjer – vi lovar fleire nærturar til hausten!

Kviss



I vinter har vi hatt fleire rundar med kviss, og dette kjem vi til å halde fram med utover hausten. Det har vore frå 15 til 40 deltakarar, og spørsmål om alt mellom himmel og jord. Nokre delta-

karar kjem med lag, medan andre kjem åleine og finn seg eit lag når dei kjem. Her er alle velkomne og vi sørger for enkel servering. Det er to runder med kviss på 17-18 spørsmål i kvar runde med ei lita pause mellom. Vinnarlaget får heder og ære og ein pose twist.

Ferskingkurs



Gjennom fire måndagskveldar i mai har Torkjell Haugen frå DNT Valdres lært ivrige kursdeltakarar om kart og kompass, bålpyring, påkledning, oppakning og matlaging i friluft. Takk for godt samarbeid!

Svevetelt + anna sommarmoro i BUA



No kan du overnatte i skogen slevande over bakken! BUA har kjøpt eit komplett tretelt for tre personar, med fastmontert myggnetting, spesialtilpassa liggeunderlag og tilhøyrande taustige. Vi har også packrafts, primus, sekkar, sko og masse anna utstyr for gode friluftsopplevingar, samt spel og leiker om du skal ha hageselskap, barnebursdag el.l. i løpet av sommaren.

Nye på biblioteket

I sommar kan du møte sommarvikar Ayne på biblioteket. Ho er ei triveleg jente på 22 år frå Bergen, no gler ho seg til å vere vangsgjelding i 9 veker. I midten av august kjem Silje Skogstad som startar i fast jobb hjå oss, vi kjem med

Scan koda for
nyheitsbrev!



ein grundigare presentasjon når ho har kome seg på plass.

Aasmunds leseklub på Vinjerock



I fjor hadde vi festivalbibliotek på Vinjerock i Aasmunds leseklub. Det skal vi også ha i sommar, vi gler oss til 18.-20. juli. Festivalen er utseld og med 4500 folk på Eidsbugarden den helga, er det store moglegheiter for at tilbodet er

velkoment blant festivaldeltakarane i år også.

Digi-kafé – kva no?

Vi har no hatt eit år med digi-kafé på



biblioteket, kvar måndag med ungdom som digi-verter og ein onsdag i månaden med vaksne frivillige. Erfaringane vi sit igjen med er delte – på den eine sida har det vore folk innom som har fått god hjelp og satt stor pris på tilbodet, på den andre sida har det vore mange timar digi-vertane har sete på sin post utan at det har kome ein einaste «kunde». Vi vurderer difor no kva vi

skal gjere til hausten, og ønskjer innspel! Kva skal til for at du eller nokon du kjenner vil bruke tilbodet? Bør det vere andre tidspunkt, andre stader, andre emner, andre former? Kontakt frivilligsentralen om du har gode råd til korleis vi kan lage eit meir treffande tilbod framover.

Ein travel vår går mot sommar!

Opningstidene våre i sommar er som følger:

- Frivilligsentralen held stengt heile juli
- Biblioteket held stengt laurdagar i skuleferien (22. juni – 18. august) og justerer dei øvrige dagane litt i same periode slik at det blir ope måndag og tysdag 14-19, onsdag og fredag 11-16
- BUA har normal opningstid heile sommaren: innlevering tysdagar 15-16 og utlån torsdagar 15-16

Marte Tangen og Marianne Riste

Gudstenester og open kyrkje – Sommaren 2024

Sundag 23. juni kl 18:00 Jonsokmesse i Øye Stavkyrkje

St-Tomas kyrkja i juli:

Sundag 7. juli, kl 12:00: Gudsteneste v/sokneprest i Lærdal, Wenche Lie Lysne

Sundag 14. juli, kl 12:00 - 18:00: Open kyrkje

Sundag 21. juli, kl 12:00: Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

Sundag 28. juli, kl 12:00 - 18:00: Open kyrkje

Stølsmesser i august:

Sundag 4. august, kl 12:00: Stølsmesse Vang, Osen ved Helin

Sundag 11. august kl 12:00: Stølsmesse Høre, Bygdin

Sundag 25. august, kl 12:00: Stølsmesse Heensåsen, Kleivasletta

Omvisning i stavkyrkjene 2024

Høre stavkyrkje: søndag-onsdag kl. 11:00-17:00
I perioden f.o.m. søndag 23. juni – t.o.m. onsdag 14. august

Øye stavkyrkje: torsdag-søndag kl. 10:00-17:00
I perioden f.o.m. torsdag 20. juni – t.o.m. søndag 18. august



Omvisning i stavkyrkjene

Omvisning ved stavkyrkjene i sumar inngår i inngangsbilletten og nyttast etter eige ynske

Høre stavkyrkje - Pris for omvisning

Voksen kr 100

Barn (f.o.m. 6 år) kr 50

Familie 2 voksne 2+ barn) kr 250

Gruppe (10 eller fleire) kr 75/pr. pers.

Øye stavkyrkje - Pris for omvisning

Voksen kr 130

Barn (f.o.m. 6 år) kr 80

Familie 2 voksne 2+ barn) kr 350

Gruppe (10 eller fleire) kr 100/pr. pers

Prisen inkluderar tilgang til utstillinga i Kulturstøga. Utstillinga er låst når omvisaren er nede ved stavkyrkja.



Quartetto Nordlys:

Olavsljoset

Sankt Tomaskyrkja
mandag 29. juli kl. 13.00

I *Olavsljoset* flettes hendelser i Hellig-Olavs liv sammen med gregoriansk sang, folkeviser og nyskrevet musikk. Legenden *Passio Olavi* forteller om flere lys-undere, fra Olav var noen dager gammel og ble satt ut som utburd. Også etter at han falt på Stiklestad, beretter sagaen om et lys-under. Olavs ord fra sagaen kan inspirere også i dag: «Det kjem ei tid, ljøsare enn vår, då rettferd og sanning skal stråle.»

Konserten varer vel en time. Temaet er utviklet fra skuespillet «Olavsljoset» fra 2004 skrevet av Knut Arild Melbøe. Det er fremført som musikkfortelling siden 2007 med ulike musikere og i 40-talls kirkerom som Lofotkatedralen og mange stavkirker som Borgund, Lomen og Torpo. I 2022 gjestet vår kvartett Nore stavkirke under middelalder-festivalen i Numedal og Høyjord stavkirke som del av olsok der. I 2023 ble det konserter i Bergensområdet. I 2024 har vi konserter øst og vest for kjølen og fletter inn 1000-års jubileet for Kirkeretten.



Sølvi A. Dalhaug:
Mezzo, perkusjon

Marit Karaskiewicz:
Sopran, klangspill

Johannes Melbøe:
Sang, div. instrumenter

Knut Arild Melbøe:
Forteller, sang, gitar

Entrè: kr 200 Vipps: 986 66 898 facebook.com/Nordlys_vocalis

Vesle-Vinje

For ein dag! Det vart strålende v r, barnelatter og gode kulturopplevingar for heile familien d  Vesle-Vinje blei arrangert i Vang laurdag 25. mai.

Omkring 400 store og sm  tok turen d  Vesle-Vinje vart arrangert som eit opent arrangement for fyrste gong i Vang. Ordf rar J rand  deg rd Lunde opna festivalen saman med konferansier Ylva Solemsli, f r bergenske Embla and the Karidotters sparka i gong festivalen. Dei leverte k ntri fr   vste hylle og til glede for danseglade ungar og vaksne. Det blei linjedans saman med bandet d  konserten var over. Det var  g spelt opp til dans av DJ KoseLars, som hadde barnedisko og spelte slagarar som b de dei dei eldste og yngste i publikum kunne kjenne att og syngje med p .

Gjennom dagen kunne ein bryne seg p  aktivitetar som kubb, disc-golf og volleyball med BUA Vang, Vang Husflidslag inviterte ungane inn til   flette band dei kunne ta med seg heim, Valdres Sparebank snurra lykkehjulet, og bebuarane p  Vang mottakssenter hadde aktivitetsbod med ansiktsm ling. Det vart ein festival full av fargesprakande fjes. Ein kunne ogs  ete godt hj  b de Kj rlighetscatering, mottaket sin matbod og Vinjerock sin matbod. Der fann ein b de is, pizza, kaffe, vaffel og mykje meir – her gjekk ingen svoltne fr  festivalen.

Nede ved grendeb dstua inviterte skodespelar Victoria Ose ungane til skranleband kor dei fekk pr ve seg p  instrument og spele konsert for begeistra vaksne. Og for nokre konsertar det blei, for ungane gav alt. Ikkje berre spelte dei p  instrument, dei hadde og sminka andletet og tok oppg va p  h gste alvor. Og p  biblioteket vart det h gtlesning, ein god m glegheit for   draume seg inn i ei eventyrlig verd.

D  det Andre Teateret inntok scena seinare p  dagen, hadde dei samla inn ynskjedraumar fr  ungane som dei spelte ut for festivalgjengarane. Det var tydeleg at det slo an, og lattermusklane fekk verkeleg k yrd seg i 45 gode minutt. Dagen var avslutta med familiequiz, st dig leia av Marianne Riste – sj lv om det sj lvsagt var vanskeleg  



ikkje rope ut svaret n r ein visste det.

Men det er klart at ein s nn dag ikkje blir til av seg sj lv, bebuarane p  mottaket stilte opp som frivillige og rigga festivalen opp og ned i rekordfart. Og me vil i den samanhengen fortelje at 7. september arrangerer Vinjerock saman med Vang mottakssenter og Oslo World V rtNabolag p  mottaket. Me vonar me ser sambygdningar der  g.

Tekst: Guro Furunes Pettersen
Foto: Ida Nordland Hillestad



Kyrkjegarden i Høre – og etablering av namna minnelund

A-feltet

Det har skjedd mykje i Høre i løpet av dei siste åra. I 2019 vart prosessen starta med å omregulere A-feltet, der ein, grovt fortalt, skulle justere størrelsen på gravene, då dei ligg altfor tett etter dagens krav og standard (1,5 x 3 m). Dette er innflokke prosessar med ulike instansar som skal godkjenne og vedta endringane. Heile gravplassen vart derfor take ut av bruk for ei periode.

Me fekk klarsignal om å starte prosessen, men det viste seg etter ei stund at A-feltet høyrer til kyrkjestaden frå middelalderen. Me fekk derfor avslag om vidare dispensasjon for omregulering, og det er derfor kun nokre få av gravplassane (som allereie var justerte på) som framleis kan nyttast til kistegrav, og dette er dei gjeldande festarane informerte om.

Gravplassmyndigheita vedtok grunna plassutfordringane at resterande gravplassar på A-feltet kun kan nyttast til urner i framtida. Det er forøvrig plass til opptil 4 urner per gravplass, som eit minimum.

Fredinga i forbindelse med omreguleringa vart derfor etter ei periode oppheva. Dette gjekk diverre ut over nokre få festarar som i ei periode ikkje fekk nytta gravplassane sine som dei sjølv skulle ynskje, i nettopp den perioda som gravene var freda i si heilheit. Her vart det difor plutselig eit behov for å få på plass namna minnelund, og her var fleire involverte i arbeidet.

Etablering av namna minnelund

Både enkeltpersonar frå Høre sokneråd og sjølve soknet var tungt inne i arbeidet med etableringa av namna minnelund, og dette var ein suksessfaktor for å få gjort nødvendig arbeid innan såpass kort tid. Dette er noko som kyrkje-kontoret og fellerådet set stor pris på, då det er med på å auke tilbodet til dei som bur i soknet. Det har blitt lagt ned både mangfoldige timar i klargjering og praktisk arbeid, i tillegg til at det har vorte donert ein flott sitjebenk til området tilknytta minnelunden.

Høre sokneråd gjennomførte ei marke-



Odd Leithe og Knut Rogn Tveit har vore viktige bidragsytarar ved etableringa av minnelunda i Høre.



ring av den ferdigstilte namna minnelunden i forbindelse med gudstenesten søndag 12. mai. Her ser de nokre bilete frå siste klargjeringa på dugnaden veka i forkant, der det flotte plantearrangementet kom på plass. Samt ifrå sjølve markeringa, der tidligare soknerådsleiar i Høre Marta Bjørnøy Lalim bidrog, som var tett på prosessen under sjølve etableringa.



Tekst: Silje Hammerstad
Foto: Marianne Riste, Silje Olimb og Guro Hovda

Dugnad på kyrkjegardane

Øye kyrkje og stavkyrkje

Godt over 20 stk var med på dugnaden i Øye, og vi takker for engasjementet. Tor Arne Eltun stilte med traktor og Vår Herre med været! Det vart gjennomført hyggelig avslutning med kaffe og kringle i kulturstøga.

Tekst: Aud Kvale, soknerådsleiar

Foto: Arne Stende



Høre stavkyrkje

Tysdag 7. mai var godt over 20 personar med og pynta på kyrkjegarden i Høre. På eit par timar fekk vi raka, flytta ein benk, fjerna blomar og plantar som ikkje lenger var noko særleg fine. Blomsterharter på minnelund vart sett ned og var klar for markering. Takk for oppmøte!

Tekst og foto: Marianne Riste

Foto: Silje Olimb



Vang kyrkje

På kvelden den 8. mai var vi ein fin arbeidsgjeng på om lag 15 stk på den tradisjonelle kyrkjegardsdugnaden. Det var stille og god temperatur og fint å arbeide ute. Det vart raka og klypt ned busker og kratt og elles rydda bort søppel og rusk og rask. Kyrkjegardsarbeidar Nils Bjarne var på plass med lastebil og det vart eit godt lass på bilen innan vi var ferdige.

Mange av dei som var med på dugnaden stiller opp år etter år, og vi prata om at kanskje nokre av dei har vore med på dugnad i nærare 50 år! Dei fleste deltakarane var spreke pensjonistar. Eit anna år er det kanskje nokre fleire av den yngre garde som også stiller opp?

Etter ei god arbeidsøkt var det velfortent kaffe og kringle på kyrkjetroppa. Gerd Jægersborg spanderte god kringle på oss. Tusen takk til alle for trivelig lag og god innsats for kyrkja vår denne maikvelden!

Tekst og foto: Kristin Bakke Lajord



Årsmelding for Vang sokneråd

Fram til 1. november besto soknerådet av: Rita Helen Dalemark (leder og medlem av fellesrådet), Chatrine Leine Nøkleby (nestleder og medlem av fellesrådet), Tor Martin Iversen (kasserer), Randi Bang Søndrol (sekretær), Ivar Jonny Søndrol (1. vara til fellesrådet og ansvarlig for utkjøring av menighetsbladet), Maria Aaslund, Unni Sandsengen (1. varamedlem). Fra 1. november var det nytt sokneråd: Kristin Bakke Lajord (leder og medlem av fellesrådet), Ivar E. Thune Hagerup (nestleder og varamedlem til fellesrådet), Merete Bjørgo (sekretær), Anine R. Kattvold (kasserer), Tor Erik Berge (medlem av fellesrådet og ansvarlig for utkjøring av menighetsbladet), Leif Solemsli (varamedlem til fellesrådet). Liv Ingeborg Bøland er 1. varamedlem og innkalles på alle møter. Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland er også medlem av sokneråd og fellesråd.

I løpet av året hadde soknerådet 5 møter og behandla 31 saker (4 møter og 24 saker for det første rådet og ett møte og 7 saker for det nye). Det har også vært to fellesmøter for alle soknerådene i Vang. Den 24. oktober var det hyggelig

middag på Mjøsvang kafe og et svært nyttig overføringsmøte mellom det gamle og det nye soknerådet.

Av kirkelige handlinger har det vært tre barnedåper, fire ble konfirmert, to brudevielser og seks begravelser. Det har vært 13 gudstjenester med 800 deltagere på søn- og helligdager og tre gudstjenester med 70 deltagere utenom søn- og helligdager. Den gode tradisjonen med stølsmesse ved Helinosen og jaktmesse ved grillhytta på åsen ble videreført.

Den 5. februar var det årsmøte i kyrkje-lyden etter messa. 10 personer utenom soknerådet møtte. Som vanlig var det dugnad på kirkegården i begynnelsen av mai.

Soknerådet hadde mye arbeid med kirkevalget. Det var både å spørre kandidater til å stille til valg, avvikle og telle opp valget.

1. september begynte Silje Hammerstad som ny kirkeverge. Rita som medlem av fellesrådet hadde mye arbeid i proses-

sen med denne tilsettinga.

7. november deltok det nye soknerådet fulltallig på kurs for alle sokneråd i Valdres. Dette var i Tingnes kirke og kursholderne var fra bispedømmekontoret.

Det første oppdraget for det nye rådet var servering av grøt og julegrantenning i og ved Drengestøga en onsdagskveld tidlig i desember – et trivelig og vellykka familiearrangement.

Vinjerock hadde julekonsert med Moddi, og soknerådet hadde tradisjonell juleinnsynging med Vangskoret med flere.

Offergaver dette året har vært 28777 kr; av dette var 9312 kr til menighetens eget arbeid og 19465 kr til andre formål.

Tusen takk til det forrige soknerådet for god innsats og nyttig fellesmøte.

Kristin Bakke Lajord og
Rita Helen Dalemark

Årsmelding for Høre sokneråd

Det ble arrangert juletreffest 7. januar 2023. Årsmøtet i fjor ble arrangert 22. januar.

Vi hadde påskeutstilling i Høre Stavkyrkje med Reidun Breistig. Hun er gullsmid og kunstner. Utstillingen het ARV.

Mye av våren gikk med til planlegging og gjennomføring av minnelunden i Høre. Spesielt var Knut Rogn Tveit en viktig bidragsyter inn i dette arbeidet, en spesiell takk til han. Og en ekstra takk til Odd Leithe for hans bidrag.

Våren brukte vi også til å planlegge det forstående kirkevalget. Vi ringte rundt og spurte om folk ville stå på liste. Mange var veldig positive, og vi opplevde engasjement da folk ble spurt, det var gøy! Da vi ringte, spurte vi om de kunne tenke seg og stå på liste i soknerådet eller heller være frivillig. Det var lurt for da fikk vi rekruttert frivillige og folke-

valgte i samme runde.

Vi hadde dugnad på våren 11. mai 2023, og denne måneden kom også prost Carl Philip opp på veggen, altså et bilde i sakristiet i kirken.

Sommeren 2023 var det guiding som vanlig i Høre, med Margrete Fagerheim som supervikar og ekstra ressurs! Takk! 13. august hadde vi stølsmesse med dåp på Syndin.

Torsdag 26. oktober hadde vi overføringsmøte med det nyvalgte soknerådet. Jeg vil ønske de lykke til og samtidig takke det gamle soknerådet for det gode samarbeidet og at det alltid var smil og latter.

Marta Lalim,
soknerådsleder til sept. 2023

Kyrkjevalet i september, nytt sokneråd konstituerte seg
Leiar: Marianne Riste

Nestleiar: Matilda Franklin
Kasserar: Silje Olimb
Sekretær: Nina Neståker
Medlem fellesrådet: Matilda Franklin og Silje Olimb
Styremedlem: Olav Dahl og Stein Inge Sæternes
Ingebjørg Laugaland er alltid med i Soknerådet.
Varamedlemmer: Silje Helland, Margit Bunde Loe, Borghild Hemsing og Kristian Finsveen.

Gjennom året vart 13 døypte, 3 konfirmerte og 4 gravlagde i Høre stavkyrkje. Det var 15 gudstjenester etter forordning i soknet 2023. Adventskonsert «Julegjest» med advents- og julesongar frå Valdres ved Marit Karlberg, Sigbjørn Apeland og Frank Henrik Rolland. Tradisjon tru song Høre mannskor jula inn.

Marianne Riste,
soknerådsleder fra sept. 2023

Årsmelding for Øye sokneråd

Fra 1. januar 2023 har Øye sokneråd bestått av: Ingebjørg Vik Laugaland, medlem og medlem i fellesrådet, Nils Torstein Hermundstad, medlem og medlem i fellesrådet, Siv Vestrheim, medlem og kasserer, Jan Einar Hansen, medlem, Torild Øye, leder, sekretær og medlem i fellesrådet, Geir Tveit, første vara. Vi har hatt to møter i Øye sokn, og to møter felles med alle fire sokna.

6. februar ble Samefolkets dag feira for 19. gang. Det var Carl Philip som starta med denne feiringa i 2005, og det var naturlig at det ble i Øye, for der bor det en samisk familie. Denne gangen starta vi med bidos og samisk brød på Tyinkrysset Fjellstue. Etter middagen var det kveldsgudstjeneste i Øye kirke. Vangskoret deltok med flotte sanginnslag. Etter messa serverte soknerådet marsipankekake og kaffe i kirka.

Lørdag 13. mai vaiet flaggene over Nedre dalen i Øye. Og øyeværingar og

folk fra alle andre kretser i Vang møtte opp til innvielse av Kulturstøga i Øye. Åpninga starta med klokkespill før daglig leder i kirkelig fellesråd, Guro Hovda, hadde en kort gjennomgang av et langt arbeid. Det har tatt ca 30 år, med mye att og fram. Deretter ble bygget offisielt åpnet. Det var konfirmantene i Øye sokn som fikk æren av å klippe snora. Etter åpninga gikk ferden vidare til Øye samfunnshus. Der ble det servert rømmegrøt, saft og kaffe. Det var og mange taler og underholdning. Jør- and Lunde ledet programmet både ute ved Kulturstøga og inne på samfunns- huset. Det var ca 100 som kom. Det er fortsatt dårlig skilting for hvor man skal kjøre inn til kirken og parkeringsplas- sen. Dette håper vi snart blir bedre.

Søndag 14. mai var det kveldsmesse som tårnagentene var med på. Dei fikk servert pizza, saft, kaffe og sjokolade- kake.

Lørdag 3. juni var det konfirmasjons- gudstjeneste i Øye kirke.

23. juni var det Jonsokmesse i Øye stav- kirke. Høre mannskor var med. Barna fikk ringe med bjeller i svalgangene sammen med presten. Det var spen- nende og skummelt.

Vår dyktige guide Gudrun Niemeyer har vært på plass denne sommeren og, i Øye stavkirke. Vi ønsker henne og mannen hennes Rolf velkommen til- bake i 2024.

I St. Tomaskirka har det vært drop-in- vigsel og drop-in-dåp i sommer. Dei som ønsker vigsel, må ha med seg rette papir, så det er lurt å ta kontakt med presten på forhånd.

10. og 11. september var det sokneråds- valg. Jeg vil ønske det nye soknerådet lykke til. Det har vært noen lærerike, interessante og kjekke år.

Hilsen leder og sekretær Torild Øye

Junikveld

Vi sitter i slørblå junikveld
og svaler oss ute på trammen.
Og alt vi ser på har dobbelt liv,
fordi vi sanser det sammen.

Se – skogsjøen ligger og skinner rødt
av sunkne solefalls-riker.
Og blankt som en ting av gammelt sølv
er skriket som lommen skriker.

Og heggen ved grinda brenner så stilt
av nykveikte blomsterkvaster.
Nå skjelver de kvitt i et pust av vind,
– det er som om noe haster ...

Å, flytt deg nærmere inn til meg
her på kjøkkentrammen!

Den er så svinnende kort den stund
vi mennesker er sammen.

Hans Børli



DEN NORSKE KYRKJA

Vang kyrkjelege fellesråd

Er DU – eller kjenner du vår nye organist?

Me har ledig ei 60 % stilling som organist. Freistar det deg å overta og vidareutvikle ein lang tradisjon med kyrkjemusikk og konsertar i fjellkommunen Vang?

Vang høyrer til Valdres prosti i Hamar bispedøme. Vang er den vestlegaste av kommunane i Valdres, på grensa mot Sogn, og dermed midt mellom Oslo og Bergen.

Vi har ca. 1650 innbyggjarar, med kulturskule, korps og kor, i tillegg til eit vidt spekter av anna frivillig arbeid.


Me kan tilby gode instrument i tradisjonelle kyrkjer, og godt arbeidsfellesskap.

Aktuelle arbeidsoppgåver

- Samarbeid om planlegging og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar.
- Samarbeid om trusopplæringa, og samarbeid mellom kyrkja og skula i Vang.
- Legge til rette for kyrkjekonsertar, musikkandaktar og korarbeid.
- Koordineringsansvar for kulturelle arrangement i kyrkja, utleiekontraktar og anna organisering rundt dette.
- Utarbeiding av kyrkjemusikalsk plan.
- Ved ledig kapasitet avhjelpe med aktuelle arbeidsoppgåver ved arbeidsfellesskapet.

Kvalifikasjonar:

- Relevant kyrkjemusikalsk utdanning og arbeidserfaring er ynskjeleg.
- Organisten går inn i eit nært samarbeid med soknepresten og den øvrige staben. Me ynskjer oss ein organist som kan inspirere til song- og kyrkjemusikalsk aktivitet i kyrkjelydane.



- Me legg vekt på evne og vilje til å samarbeide, til å ta initiativ og til å arbeide sjølvstendig. I tillegg legg me vekt på musikalske kvalifikasjonar og at du vil passe godt i staben vår, difor vil personlege eigenskapar bli vektlagt.

I tillegg:

- Du må beherske norsk munnleg og skriftlig, samt ha grunnleggjande kunnskap om dataverktøy.
- Du må være medlem av Den norske kyrkja og utføre tenesta i samsvar med Den norske kyrkjas ordningar, grunnverdiar og visjonar
- Du må ha førerkort klasse B og disponere eigen bil.
- I stillinga inngår kvelds- og helgearbeid.
- Tilfredsstillande politiattest må fremleggast jmfør Trossamfunnsloven §20, og Politiregisterloven §39, første ledd.

Kvalifiserte søkjarar vil bli innkalla til intervju og prøvespel. Tilsetting skjer på vilkår av dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglement og tariffavtaler, og du vil få medlemskap i KLP pensjonsordning.

Me ynskjer og å informere om at me har ledig ei 20 % stilling som trusopplærar, dersom det skulle være interessant å søke den i tillegg, for å auke stillingsgraden. Vang kommune har og lyst ut ei 20 % stilling som dirigent for Fjellblom musikklag. Ved spørsmål vedrørende dirigentstillinga, ta kontakt med Jon Eggen, mob. 901 86 731.

Spørsmål om organiststillinga kan rettast til:

Kyrkjevevje Silje Hammerstad, mobil 902 42 171 eller sh466@kirken.no
Sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, mobil 926 53 320 eller il597@kyrkja.no

Søknad med CV, vitnemål, attestar og referansar sendast til mail; sh466@kirken.no, snarast!



Bruk bedriftene i bygda!

Ala Camping	93 42 94 02	Rogn Bil og landbruk	61 36 82 16
Alle gode ting er tre	480 95 948	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Begravelsesbyrået Innlandet	61 36 17 70	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	TK-Bygg AS	99 00 94 84
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
Elektrisk Installasjon AS,	61 36 70 56	Tyin Filefjell AS	46 66 56 65
Elektromontasje	48 26 73 64	Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyinlam	99 46 61 15
Filefjellsenteret	91 34 64 91	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Grindaheim Bygg &		Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Bygg AS	97 51 95 37
Heen Tre	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport-	
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	VangiValdres taxi	46 30 46 30
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Valdres Sparebank	61 34 36 00
Mjøsvang Kafe	99 56 70 54	Øko-Nils	97 11 01 20
Montér Kvismo	61 36 81 85	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Pelssau	99 71 43 18		

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få kjøpt hjå Coop Fjellvang, Bygger'n Øye, Joker Filefjell og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan kjøpast hjå Arne Straum og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre sokneråd



Vi ønsker å rette en stor takk til Røde kors, og innbyggerne i Vang, som deltok i søket, og til alle som gjorde gravferdsseremonien til en så verdig stund som mulig, for en av de nyeste innbyggerne våre. Vi setter stor pris på fellesskapet og omsorgen som vises. Varm hilsen fra oss på Sparstad og Nawal fra Belgia.

Stiftinga Torgeir Før's minne

Stiftinga Torgeir Før's minne deler ut midlar til personar som tek kristen utdanning og til ungdom som deltek på kristne leirar eller kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkja.

Søkjarane må vera frå Vang eller Vestre Slidre.

Søknad kan sendast til:

Torgeir Før's minne,
Ellestadvegen 34, 2967 Lomen
eller e-post:
torgeirforsminne@yahoo.no



*Slekters
gang*

Høre sokn:

Døyp:

09:05 Joakim Marius Finsveen
12.05 Even Fagernæs Moen

Heensåsen

Død:

14.03: Trygve Peder Lunde

Vang

Død:

23.04: Lynn Adam Niamh
01.06: Ingvar Blystad

Øye

Døyp:

31.03 Astrid Aslaksdotter Flaten
31.03 Selma Eltun

Død:

02.04 Odd Tore Ødegård
15.04 Hanne Bergheim

FRIST

FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE

20. SEPTEMBER

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Silje Hammerstad, Ivar Helsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellesråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Gudstenesteliste

Fredag 23. juni – Jonsokaftan

Øye stavkyrkje kl. 18:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og Høre Mannskor. Dåp og nattverd

Sundag 7. juli – 7. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Gudsteneste v/sokneprest Lie Lysne frå Lærdal

Sundag 14. juli – 8. s. i treeiningstida

St Tomaskyrkja kl 12:00-18:00.

Open kyrkje

Sundag 21. juli – 9. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland

Sundag 28. juli – 10. s. i treeiningstida

St. Tomaskyrkja kl. 12:00 - 18:00

Open kyrkje

Sundag 4. august – 11. s. i treeiningstida

Osen ved Helin kl. 12:00

Stølsmesse v/sokneprest Laugaland

Sundag 11. aug. – 12. s. i treeiningstida

Bygdin, stølen til Sørre Hålien kl 12:00

Stølsmesse v/vikarprest

Sundag 25. august – Vingardssundagen

Kleivasletta i Herredalen kl 12:00

Stølsmesse v/vikarprest?

Sundag 1. sept. – 15. s. i treeiningstida

Øye kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd og dåp v/sokneprest Laugaland

Sundag 8. sept. – 16. s. i treeiningstida

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med konfirmant-presentasjon v/sokneprest Laugaland

Sundag 15. sept. – 17. s. i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Hautttakkefest med utdeling av bok til 4-åringane frå alle sokna våre v/sokneprest Laugaland. Kyrkjekaffi og saft.

Sundag 22. sept. – 18. s. i treeiningstida

Jaktmesse på Helinåsen kl. 12:00

Jaktmesse v/sokneprest Laugaland

Onsdag 25. september – Morgonsong

Vang kyrkje kl. 10:30

Torsdag 26. september

Vangsheimen kl. 13:00

Andakt v/sokneprest Laugaland

Sundag 6. okt. – 20. s. i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland. Kyrkjekaffi.

Sundag 13. okt. – 21. s. i treeiningstida

Vang kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland

Onsdag 23. oktober – Morgonsong

Vang kyrkje kl. 10:30

Torsdag 24. oktober

Vangsheimen kl. 13:00

Andakt v/sokneprest Laugaland

Sundag 27. okt. – 22. s. i treeiningstida


Høre stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med utdeling av bøker til 6-åringar frå alle sokna våre v/sokneprest Laugaland. Nattverd.

Sundag 3. nov.- Allehelgens søndag

Vang kyrkje kl.19:00

Minnegudsteneste v/sokneprest Laugaland



Gjensidige

Valdres

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD